



Referanse nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
26/647	Ingrid Karin Kaalaas - 56 57 50 00 - post@bjornafjorden.kommune.no		06.01.2026

Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

SAK 116/2025, 18.12.2025 Bjørnafjorden kommunestyre

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026/økonomiplan for 2026 – 2029 med dei endringane og verbale føringane som går fram av Budsjettdokument 2026 – 2029 frå FrP/H/KrF/INP/Uavhengig.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane for 2026 – 2029:

	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029
Fellesområde	22 890 000	57 558 000	67 118 000	72 348 000
Stab	62 462 000	62 462 000	60 962 000	60 962 000
Oppvekst	976 426 000	964 276 000	953 439 000	946 297 000
Helse og velferd	819 040 000	782 516 000	769 616 000	769 616 000
Samfunnsutvikling	103 188 000	94 294 000	90 853 000	87 863 000
Sum løyvingar drift, netto	1 984 006 000	1 961 106 000	1 941 988 000	1 937 086 000

Jfr. forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 og Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjettramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivningar og renter) vedr sjølvkostonlegg.

3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse for 2026 – 2029:

Investeringsbudsjett 2026 - 2029							
Prosjekt	Prosjekt	Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029
1213	Minnelund	2 000 000	2 500 000	500 000	0	0	0
1221	Oppgradering kyrkjer	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000		
1602	Datautstyr til valet	Årsprosjekt	Årsprosjekt		1 000 000		1 000 000
2020	Klassesett PC	Årsprosjekt	Årsprosjekt	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
3000	Helseteknologi	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
4090	Flaumsikring Stråndvik	4 000 000	4 000 000			1 500 000	2 000 000
4091	Flaumsikring Langedalsvatnet	Ikkje satt	Ikkje satt			500 000	
6020	Kjøp av tomter og bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6022	Kjøp av utleigebustader	15 000 000	15 000 000				
6030	Prosjektering utbyggingsområder	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040	Uteområde skular/barnehagar	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6090	Nytt Ventilasjonsanlegg			1 500 000			
6100	Ombygging kommunale bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
7230	Kommunal infrastruktur	Årsprosjekt	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7270	Tiltak i trafikksikringsplan	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500	Rullande materiell	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Delsum ordinære prosjekt				27 500 000	27 500 000	26 500 000	27 500 000
	Prosjekt	Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2026	År 2026	År 2026	År 2027
9000	Avlaupsprosjekt	Årsprosjekt	Årsprosjekt	40 000 000	40 000 000	40 000 000	40 000 000
8000	Vassprosjekt	Årsprosjekt	Årsprosjekt	40 000 000	40 000 000	40 000 000	40 000 000
Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt				80 000 000	80 000 000	80 000 000	80 000 000
Sum investeringer				107 500 000	107 500 000	106 500 000	107 500 000
		Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029
1170	Egenkapitalinnskot KLP	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
1000	Utlån startlån Husbanken	Årsprosjekt	Årsprosjekt	80 000 000	80 000 000	80 000 000	80 000 000
1000	Avdrag startlån	Årsprosjekt	Årsprosjekt	19 000 000	21 000 000	23 000 000	25 000 000
Sum finansieringsbehov				207 500 000	209 500 000	210 500 000	213 500 000
Finansiering:				År 2026	År 2027	År 2028	År 2029
9999	Lån investeringar			-99 600 000	-99 300 000	-98 000 000	-98 800 000
1000	Innlån Husbanken			-80 000 000	-80 000 000	-80 000 000	-80 000 000
1000	Mottatte avdrag på utlån			-19 000 000	-21 000 000	-23 000 000	-25 000 000
9999	Mva kompensasjon			-3 900 000	-4 200 000	-4 500 000	-4 700 000
9999	Sal av tomter/eigedom			-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
9999	Sal av utleigebustader						
9999	Tilskot/refusjon frå private			-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
9999	Tilskot frå Husbanken						
9999	Tilskot frå fylkeskommunen						
9999	Tilskot frå staten						
9999	Overført frå driftsbudsjettet			-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum finansiering				-207 500 000	-209 500 000	-210 500 000	-213 500 000
Udekka finansiering				0	0	0	0

Jfr. forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5.

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2026 er kr 99.600.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 99.600.000 i 2026, jfr. Kommunelova §14-15 og 16. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtekne låneramma.

5. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 80.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

6. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i budsjettåret. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.
7. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg med dei endringane som går fram av Budsjettdokument 2026 – 2029 frå FrP/H/KrF/INP/Uavhengig .
8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr. §12 i *Forskrift om håndtering av avfall frå Husholdning*. Avfallsgebyret tilhøyrar Bjørnafjorden kommune.
9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på lovpålagt renovasjon for 2026 blir auka med 5,9%. For miljøparkar blir prisen uendra i 2026. I gebyrvedtaket er det tatt høgde for innføring av heimehenting av glas og metall, iht. lovkrav om heimehenting av glas og metall jfr. Avfallsforskrifta §10a-5. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhold til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2026».
10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.
11. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at ev. positivt premieavvik i budsjettåret kan settast av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).
12. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at mottatte spelemidlar (tippemidlar) kan settast av på fond slik at ordninga med forskottering av spelemidlar til nye prosjekt kan halde fram.
13. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at kommunedirektøren har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref. Økonomireglementet. Kommunedirektøren har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.
14. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramma for Kontroll og revisjon for 2026 blir sett til kr 2.146.000, jfr. Vedtak frå møte i Kontrollutvalet sak 35/2025.
15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2026 blir sett til kr 16.944.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2026 blir sett til kr 389.000 pluss halvparten av det kommunen får i øyremerkte statstilskot til frivilligsentralar.
16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2026 blir kr 7.791.000. Av tilskotet gjeld ca. 2,7 mill. skulebading kr og ca. 5,1 mill. kr idrettshall og ute-anlegg.
17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Kunst- og kultursenter KF, slik at kommunalt tilskot for 2026 blir kr 6.619.000.
18. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling. Formannskapet skal få månadsrapportar på drifta i tråd med tidlegare praksis.
19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren leggja fram eiga sak med budsjettjustering når konsekvensane av vedteke Statsbudsjett 2026 er klære.
20. Sal av eigedom – arbeidet held fram. Det er framleis eit mål om å selja eigedom og bygningar som kommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon, ref. tidlegare opplista eigedomar. Pga. utfordringar med seksjonering ber vi administrasjonen vurdere sal av heile bygget som i dag vert nytta av politiet og VA-eininga (tilbakeleige for VA-delen).

21. Arealeffektivisering – arbeidet held fram. Målet om ein meir arealeffektiv kommunal verksemd ligg fast. Der det er mogleg skal ein redusere leigde lokale, vurdere framleige av lokale og utleige/sal av lokale kommunen eig sjølv.
22. Organisering teknisk drift og prosjektavdelinga. Med referanse til verbalframlegg 5.2 i budsjettdokumentet frå i fjor ber ein om ei attendemelding på arbeidet som er gjennomført.
23. Frivilleg skogvern – Raudlio og Stokkedalen. Med referanse til verbalframlegg 5.5 i budsjettdokumentet frå i fjor legg ein til grunn at det vert fremja politisk sak til handsaming når utgreiinga er klår.
24. Nærværarbeid og sjukefråvær – kontinuerlig fokus. Pilotprosjektet Bonus for nærvær vert gjennomført i 2026 og 2027, og det generelle arbeidet med redusert sjukefråvær held fram med full tyngde.
25. Parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal. Når reguleringsplanen for parkeringsanlegg og ny kollektivterminal er sendt til 1. gongshandsaming må arbeidet med finansierings- og gjennomføringsplan for tiltaka intensiverast. Kostnadsoverslag skal utarbeidast, og ein må vurdere delfinansiering frå Miljøloftet/Vestland fylkeskommune, frikjøpsmidlar knytt til parkering, potensielle driftsinntekter og -utgifter, samt potensiale for å få inn private parkeringsselskap i utbygging og drift av parkeringsanlegget.
26. Bjørnafjorden Asvo – auka samarbeid. Ein skal vidareføra dialogen med Bjørnafjorden ASVO for å identifisera nye/utvida tenesteleveransar til kommunen.
27. Parkeringsløyising Eikelandsosen – vert fremja for politisk handsaming når saka er klar.
28. Småbåthamn framfor Os Sjøfront – vert fremja for politisk handsaming når saka er klår.
29. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å setje fokus på framdrift med utvikling av eiegenomen i Sperrevikvegen som kommunen kjøpte til framtidig friluftsområde. Det er ønskeleg å sjå dette i samanheng med den store utviklinga i Sperrevikhaugane, og ein bør sjå om samarbeidet i Tellevika kan brukast som mal.
30. Kommunestyret ber kommunedirektøren å vurdere om skular, i samarbeid med FAU, kan starta ei foreldrefadderordning for å sikre betre inkludering av minoritetsspråklege familiar. Føremålet er å auke deltaking og inkludering i foreldrefellesskapet på skulen gjennom å hjelpe alle til å delta på foreldremøter og andre arrangement der skulen inviterer foreldre.
31. Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide for eit betre båttilbod i Bjørnafjordbassenget, gjennom å jobbe for at Hardanger- ekspressen får snuhamn på Osøyro, i første omgang med fast stopp i Søre delen av kommunen.

Med vennleg helsing

Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.